

Vassenden skule
Sunnfjord kommune
Postboks 338
6802 Førde

Førde, 23.03.2023

Korleis utvikle Jølster som reiselivsdestinasjon?

Sunnfjord Kommune og Sunnfjord utvikling ynskjer å jobbe for å utvikle Jølster som reiselivsdestinasjon. I denne samanheng vil dei ha ei kartlegging av kva tiltak reiselivsaktørane i området kunne tenkje seg for å styrke reiselivsnæringa. Vi treng hjelp til å hente inn informasjon frå dei ulike aktørane og vil også høyre kva de som ungdommar i bygda tenkjer kan gjere Jølster meir attraktivt for ungdom.

Bestilling frå Sunnfjord kommune og Sunnfjord utvikling

Sunnfjord kommune og Sunnfjord utvikling ynskjer at 9. klasse ved Vassenden skule kan hjelpe til med innhenting og tolking av informasjon frå ulike reiselivsaktørar i Jølster. Vi treng hjelp til følgjande:

- Hente inn informasjon gjennom å intervjuje eksisterande reiselivsaktørar om kva for tre konkrete tiltak dei meiner bør prioriterast for å utvikle Jølster som ein attraktiv reiselivsdestinasjon.
- Analysere funn og utarbeide ei prioritert tiltaksliste ut frå funna, og lage ei tilråding til kva Sunnfjord utvikling og Sunnfjord kommune bør prioritere.
- Gjere eigne vurderingar av tiltakslista der de ser på kor berekraftig og mogleg det er å gjennomføre. Det skal også komme fram kva de som ungdommar meiner ein bør satse på.

Levering av oppdraget

Funna dykkar skal leggjast fram for oss den 15. mai kl. 12.00 på Vassenden skule. Presentasjonen skal vere munnleg, men de vel presentasjonsform sjølv.

Med vennleg helsing

Astrid Marie Vie
Prosjektleiar